

## **Notat/ status til prosjekteigar frå administrativ arbeidsgruppe innbyggjarservice 24.05.19**

### **Undergrupper:**

- Arbeidsgruppe for innbyggjarportal
- Arbeidsgruppe klart språk
- Arbeidsgruppe grafisk profil
- Arbeidsgruppe Arkiv

### **Mål/ visjon for arbeidet:**

Etablere ei funksjonell organisering av tenestene innan arkiv, dokumentcenter, servicetorg og kommunikasjon i Voss herad. Måla er å styrka kommunikasjonsevna til Voss herad, modernisera og forbetra innbyggjardialogen og utvikla digitale kanalar som fyrsteval innan kommunikasjonskanalar.

Vidare skal arbeidet utvikla og innarbeida eit klart språk i organisasjonen, auka openheit og sikra god flyt før under og etter politiske møte.

Arbeidet sikra ein saumlaus overgang til nytt saks/- og arkivsystem for Voss herad

### **Status for arbeidsgruppa:**

Den nye stabsavdelinga er organisert, der arkiv/dokumentcenter og servicetorg er slått saman. Tilsette ved tenestetorget i Granvin er innplassert i organisasjonen, og avdelingsleiar er tilsett.

Det er utfordringar knytt til detaljnivået på arbeidsoppgåvene til den enkelte medarbeidar. Tidlegare kommunikasjon om innplassering kan forståast med at den enkelte skal få ein meir detaljert oversikt over arbeidsoppgåvene. Dette er ikkje mogleg å få til, delvis fordi oppgåveporteføljen ikkje er klar og dels fordi avdelinga er organisert slik at fleire skal dela på oppgåvene, og at gevinsten er meir effektiv drift. Og at det er ressursar til å fokusera på spesialoppgåver i avdelinga.

Arbeidsgruppa har sett i gang fleire grupper som arbeider med utvikling av nokre prosjekt.

- **Utvikling av ny nettside/nettportal.** Denne gruppa er sett saman av medarbeidar på tvers i organisasjonane, og er i gang med å redigera innhaldet
- **Klart språk:** Ei lita gruppa, sett saman av medarbeidarar på tvers i organisasjonen er i ferd med å ferdigstillast ein språkprofil. Det vidare arbeidet

vert å implementera denne i den nye organisasjonen. Dette vil vera eit kontinuerleg arbeid, der koordinering og styring vil liggja til stabsavdelinga.

- **Grafisk profil:** Gruppa er sett saman av medarbeidarar på tvers i organisasjonane, og er i slutfasen av arbeidet. Mål er politisk vedteken grafisk profil i Fellesnemnda 14. juni
- **Arkiv:** Gruppa er sett saman av arkivleiar Voss og arkivleiar Granvin. Dei involverer tenestene etter behov for avslutning av arkiv og systemdatabasar. Det er ikkje realistisk at avslutning av alle arkiv og systemdatabasar for begge kommunane er på plass innan 1. januar 2020. Nytt arkiv og nytt sakssystem kjem på plass, gjennom løysinga Public 360O Online.

### **Planlagde utviklingsaktivitetar (jmfr. styringsdokument)**

Arbeidsgruppa må vurdere og tilrå løysing for intranett

Politisk sekretær må rekrutterast

### **Prioriterte oppgåver**

Vedtak grafisk profil

Nettside/nettportal klar for testing

Vedtak språkprofil

Organisere politisk sekretariat

Testa og implementera saks- og arkivsystem

### **Risikovurdering av omstillingsprosessen**

Det er gjort ei risikovurdering tidleg i prosessen. Etter denne er det skjedd endringar i organiseringa, og arbeidsgruppa er også utan tillitsvalt pr. no. Hovudtillitsvalde er bedt om å gje framlegg på ny tillitsvalt, men pr no er det ikkje kome inn ny representant. Det er ikkje ynskjeleg å gjennomføra risikovurdering utan at tillitsvalt er involvert.

### **Saker som må avgjerast i Fellesnemnda**

Grafisk profil

Språkprofil

**Behov for støtte/ hjelp:**

Det må gjerast ei konkret vurdering av å lysa etter politisk sekretær før sommarferien. Bakgrunnen er at denne funksjonen er delt mellom fleire på dokumentsenteret, og det er ikkje ein situasjon som er gunstig inn mot eit val og nytt heradsstyre. Det er varsla vakanse i tenestetorget i Granvin som følgje av naturleg avgang ved nyttår, men det vil vera mest hensiktsmessig å fylla den komande vakante stillinga med funksjonen politisk sekretær tidlegare. Vedkomande kan då ta del i folkevaltopplæringa, og koma i gang med jobben før den nye perioden trer i kraft. Avdelinga elles vil ikkje bli belasta med at dei som ikkje skal ha det politiske sekretariatet som hovudoppgåve må bruka mykje arbeidstid i forkant av ei nyttilsetjing.

Avdelinga er i dag delt med låst dør. For å få til ei god samanslåing er det viktig å sjå på samlokalisering. Det er behov for ekstern hjelp til å sjå og vurdere løysingar på fysisk plassering av tilsette.

**Medverknad frå andre ressurspersonar:**

- Arbeidsgruppa har hatt ein tillitsvalt frå Delta. Vedkomande har trekt seg ut av arbeidet, og arbeidsgruppa har bedt om å få namn på ny tillitsvalt. Hovudverneombodet er medlem i arbeidsgruppa i Teams.
- Arbeidsgruppa har søkt å involvera ressurspersonar frå både Voss og Granvin i det praktiske arbeidet i undergruppene.

**Informasjon til tilsette:**

Det har vore to arbeidsmøte med alle tilsette som vert råka av samanslåinga. Desse møta hadde som mål å avklara organisering. Vidare vert det informert om relevant utvikling i avdelingsvise møte.